

Fra: HELGE VATSHELLE <hevat@online.no>
Sendt: tirsdag 21. februar 2023 22:49
Til: Postmottak Alver
Emne: Klage på avkorting av produksjonstillegg

Viser til brev 15.02.2023 Vedtak om produksjons-og avløysertilskudd.

I søknad om produksjons-og avløsertilskudd for 2022 hadde eg ført opp ei ku som hadde kalva for meir enn 15 månader sidan på teljedato.

Eg brukte tala frå kukontrollen på den aktuelle datoen 01.10.2022, som viste at det var ei ku. Eg sjekka ikkje definisjonen på kva ei mjølkeku er, då denne kua har vore i produksjon, var drektig på den aktuelle datoen og skal fortsatt vera med i produksjonen. Eg rekna difor med at dette var ei mjølkeku. Eg burde kanskje ha sjekka; men sidan dette ikkje er ein vanleg situasjon tenkte eg ikkje på det. Eg kan forsikra om at det vart gjort i god tru. I samråd med kommunen fann vi ut av feilen og fekk ordna opp i det. På bakgrunn av dette meiner eg at ei avkorting på nær 10000 kr er ei urimeleg straff.

Mvh Helge Vatshelle